



Tømrer Sævar Sævarsson
Solendvegen 254
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1482 - 16/19545

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
17.10.2016

GBNR 40/5- Opphøyr av byggjestans for bruksendring frå driftsbygning til leilighetsbygg på Espetveit

Administrativt vedtak: 340/2016

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld:

Det vert vist til skriv frå ansvarleg søkjar Tømrar Sævar Sævarsson ENK motteke 11.10.2016 ved rørande ilagt byggjestans for arbeida av bruksendring av driftsbygning til leilighetsbygg på gbnr 40/5 på Espetveit, i Meland kommune.

Historikk:

Tømrar Sævar Sævarsson ENK er ansvarleg søkjar for tiltaket og har i tillegg ansvarsrett for utførande tømring og trekonstruksjonar i tiltaksklasse 1. Sævarsson sendte 14.9.2016 inn opplysningar om at han ønskte opphøyr av ansvarsrett for ansvarsområda han stod ansvarleg for på gbnr 40/5 på Espetveit, for tiltaket bruksendring av driftsbygning til leilighetsbygg.

15.9.2016 sendte Meland kommune ut pålegg til tiltakshavar om byggjestans med øyeblikkelig verking, då tiltaket ikkje lenger var belagt med naudsynte ansvarsrettar.

11.10.2016 mottok Meland kommune nytt skriv frå ansvarleg søkjar, om at opplysningar gitt 15.9.2016 var ukorrekt, og firmaet skulle fortsatt stå i ansvarsområde dei var godkjent for på gbnr 40/5 fram mot ferdigattest.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vurdering:

På bakgrunn av tilleggsdokumentasjon motteke 11.10.2016 er tiltaket no belagt med naudsynte ansvarsrettar, og administrasjonen finn ikkje at det lenger er grunnlag for å oppretthalde byggjestans av arbeida på gbnr 40/5.

Byggjestansen etter Pbl § 32-4 opphøyrer frå 11.10.2016.

Vidare saksgang/Krav om uavhengig kontroll:

På bakgrunn av sakshistorikk i byggesaka krev Meland kommune med heimel i Pbl § 24 bokstav b og SAK §14-3 uavhengig kontroll for brannprosjektering og utførande arbeid av tømrararbeid for heile leilighetsbygget A, B, C og D på Espetveit.

Det vil ikkje bli gitt mellombels brukstillatelse/ferdigattest for siste leilighet (C), eller ferdigattest for heile leilighetsbygget før uavhengig kontroll er gjennomført.

Leilighet B og D har mellombels brukstillatelse fram til 20.12.2016. Ferdigattest eller forlenging av brukstillatelse etter 20.12.2016 vil ikkje bli gitt før uavhengig kontroll er gjennomført.

Ansvarsrett og rapport for uavhengig kontroll må sendast kommunen seinast saman med søknad om ferdigattest/midlertidig bruksløyve.

VEDTAK:

«Meland kommune opphøyrer byggjestans etter Pbl § 32-4 frå 11.10.2016 på bakgrunn av motteke tilleggsdokumentasjon journalført 11.10.2016 frå ansvarleg søkjar.

Meland kommune krev i medhald av Pbl § 24 bokstav b og SAK 14-3 uavhengig kontroll av brannprosjektering og utførande tømrararbeid på Gbnr 40/5 på Espetveit. Uavhengig kontroll skal vera gjennomført før det kan søkjast om midlertidig bruksløyve/ferdigattest for siste leilegheit, forlenging av mellombels bruksløyve for leilegheit B og D, og/eller ferdigattest for heile leilighetsbygget».

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det

gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr. Det kan klagast over kva for punkt i gebyrregulativet gebyret er berekna ut frå.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.